

Informasjon

**Perle:**

**November**

Vi har hatt køyretøy som tema denne månaden. Veldig kjekt å sjå film av store køyretøy. Vi har og hengt opp plakatar med store køyretøy som ungane ser og peikar på. Vi driv med litt hemmelege ting for tida. Og det tykkjer ungane er veldig kjekt å drive med. Ikkje lett å hugse på at me ikkje må vise kva vi har laga.

**Bruse:**

Me har hatt mykje hemmelege aktivitetar, som julegaver. Mykje fin aktivitet, ungane har kosa seg. Me har delt mykje i grupper og vore i gymsal når vi har lage julegåver. Alle har no fått vore med på bading av 2016 barna. Det har vore veldig kjekt. Dei har vore flinke med å ta imot beskjedar, kle seg i garderoben og aktivitetane har vore veldig kjekke. I desember har vi litt opne dagar der vi ikkje har planar. Da kan ungane få bestemme litt sjølv om dei for eksempel vil lage julepynt, leike inn/ute, lese bøker osv.

**Felles informasjon:**

Vi har no hatt siste songstund med Judith Vestreim. Det har vore veldig kjekt. Ungane har nynna og songe på songane ho har lært oss. Judith er veldig flink å teikne til songane, og det var veldig fin måte å konkretisere sangane på.

I veke 49 vil de få ein epost om å delta på foreldreundersøkelsen. Vi håpar så mange som mogleg vil delta, slik at vi får eit mest mogleg nøyaktig resultat.

Adventstida blir litt annleis i år. Dei faste tradisjonane som vi har hatt før, blir ikkje gjennomført i år. For eksempel adventsamling m/ skulen, julelunsj m/skulen. Vi kjem heller ikkje til å ha felles songstund for Perle og Bruse i desember.

Det kan bli reduserte opningstider i romjula. Dei som har meldt inn behov får spørsmål om når barna kjem og når dei blir henta.

Teikn i desember: **Vi lærer oss «no tenner vi det fyrste lys» med teikn.**

Songar i desember: **På låven sitter nissen, musevisa og no tenner vi det fyrste lys.**